



NAMN:

KLASSE:

EMNE:

LÅG ○ MIDDELS ○ HØG ○

● OMGREP ● SKRIFTLIG ● MUNNLEG ● TENK SJØLV

TEMA:

KRITERIUM FOR MUNNLEG ARBEID:

LÅG

MIDDELS

HØG

Du snakkar for lågt eller unaturleg høgt. Du varierer stemmebruken lite. ○	Du held eit balansert volum, men varierer ikkje så mykje. Du klarer stort sett å halda eit passande toneleie. ○	Du held eit balansert volum, men varierer stemma slik at det ikkje blir monotont. Du varierer toneleiet etter innhaldet. ○
Du snakkar ein god del av tida enten for fort eller for langsamt. Du skil lite mellom viktige og mindre viktige ord og formuleringar. ○	Du klarer stort sett å snakke i passande fart. Du klarer ofte, men ikkje alltid, å legge trykk på viktige ord og sekvensar. ○	Du tar pausar der det passar og snakkar ikkje for fort og ikkje for langsamt (hugs komma og punktum – snakk i avsnitt!) Du legg trykk på viktige ord og sekvensar. ○
Du har nokre problem med å uttrykke deg klart og slik at andre forstår kva du meiner. Du bruker stadig pauselydar (*eh., *øh..osb.) Du artikulerer dårleg. Du bruker banneord. Feil uttale av framandord osb. ○	Du uttrykker deg slik at dine medelevar forstår kva du meiner. Du har stort sett god diksjon; sluker ikkje ord eller stavingar, men artikulerer stort sett godt. Du har ein viss variasjon i språket. ○	Du uttrykker deg presist. Du unngår pauselydar. Du varierer språket. Du har god diksjon. ○
Du står uroleg eller rører deg mykje medan du snakkar utan at det fremmar budskapen. Du tygg tyggegummi. Du står med hendene i lommen, klør deg i håret, ser ut av vindauget e.a. Du følger ikkje med når andre snakkar. ○	Du står roleg. Du bruker av og til kroppspråket for å understreke det du seier. Du gjer ikkje noko som kan avleie interessa frå presentasjonen. Du følger oppmerksomt med på andre. ○	Du står ledig og avslappa. Du bruker kroppspråket for å understreke det du seier. ○
Du er ein del bunde av manus, men kan stoffet slik at du kan svare viss du får spørsmål. Du har liten kontakt med tilhøyrarane. ○	Du er ikkje veldig bunden av manus og ser på publikum, men klarer kanskje ikkje å flytte blikket mykje rundt i rommet. Du har likevel ein del kontakt med tilhøyrarane. ○	Du er ubunde av manus og ser på publikum; festar blikket fleire stader i rommet, ikkje berre på læraren eller éin enkelt tilhøyrer. ○
Du verkar lite engasjert i det du sjølv snakkar om. Ved opplesing les du mykje feil. ○	Du verkar engasjert i det du sjølv snakkar om. Ved opplesing les du med ein viss innleving. Andletsuttrykket stemmer stort sett overeins med innhaldet. ○	Du verkar engasjert i det du sjølv snakkar om. Ved opplesing les du med innleving. Andletsuttrykket stemmer overeins med innhaldet. ○

DØME

DØME

DØME

Når og kvar arbeider du munnleg i samfunnsfag?

Når og kvar arbeider du munnleg i samfunnsfag?

Når og kvar arbeider du munnleg i samfunnsfag?


